

Året som har gått – 2014!

Tiden går fort og det er igjen tid for å stoppe opp og sjå på året som har gått. Sjølv om veret stoppa skikarusellen i vinter har me eit innhaldsrikt år å sjå attende på. Aktiviteten i gruppene har gått sin gang, og me håpar både barn, ungdom og vaksne har funne aktivitetar dei likar. Kjekt å sjå at volleyballgruppa har «vakna til liv att» og så mange ungdommar er med.



Rundt oss i bygdelaga registrerar me positivitet og ynskje om å skape attraktive samfunn. I Fortun har ein laga ein koseleg kafe og Skjolden Bygdelag har fått fylkespris for iderike bygdesamfunn for å nemne noko. IL Fanaråk ynskjer å bidra på sin måte. Overskotet til basaren i vinter gjekk derfor til uteaktivitetsplassar i Fortun og på Skjolden. I Fortun er planen å videreutvikle Krukla. På Skjolden jobbar me saman med Skjolden bygdelag og Skjold 4H om å lage ein aktivitetsstad på den gamle leikeplassen i Moane. Utstyr er kjøpt inn og me har hatt ein dugnad, målet er å bli ferdig våren 2015. Her vil ein skape ein aktiv møteplass der det er moglegheit for leik og trening i ulike apparat, sykkel/jogge/gåløype og ein bål plass med gapahuk, bord og benker. Tusen takk til Anders Bolstad som har stått på med trefelling og gjeve oss løyve til å bruke eigendommen hans til ei rundløype!!

Under Kulturdagane på Skjolden trudde Anders han skulle på ei samling for idrettsleiarar. Her vart han overraska med H.M. Kongens fortanestemedalje av ordførar Ivar Kvalen. Styret i idrettslaget set stor pris på jobben Anders gjer og tykkjer det er kjekt at han får utmerkingar som viser at jobben han har gjort betyr mykje for idretten. På basaren i mars fekk han diplom frå Norges idrettsforbund fordi han var blant dei 15 i finalen til året eldsjel 2014 som vert utdelt på idrettsgallaen. Seinare i sommar fekk han og eldsjelprisen på Skitinget i Loen. Sjølv seier Anders at no må det nok vere nok! Me gratulerar han med utmerkingane og set stor pris på at han fortsatt vil vere ein del av idrettslaget.

Under Kulturdagane på Skjolden arrangerte idrettslaget ein aktivitetsdag for barn. Her var det Kristen Skjeldal som hadde regien og utfrå attendemeldingar frå barn og føresette var dette ein kjekk dag å vere med på. Sognefjellet sommerskiskule vart arrangert i juni i år også. Tusen takk til alle som stiller opp på dugnad denne veka!

Fanaråken opp var det 9.august. Vermeldingane sa at det skulle bli dårleg ver, kanskje det var ein medverkande faktor til at deltakartalet gjekk ned. Besøkstalet på Fanaråken må ha gått opp, for der hadde vore veldig trangt natta før løpet, med alle dei frivillige og andre besøkande. Her må me takke Christian Prestegård som gjer ein kjempeflott jobb på sponsorsida, sponsorane våre og alle dei 75 frivillige som stiller opp!

Me brukar denne vinteren tid og midlar til å skrive ned lagssoaga til idrettslaget. Har de gode bileter eller historiar frå idrettslaget eller frå den tida det var delt mellom Skjolden og Fortun idrettslag, ta kontakt med Anders.

I år valde me å ha nissemarsjen tidleg i desember. Heile 57 deltok, noko som nesten var ei dobling av rekorden me hadde frå før. Ikkje alle fekk faklar, men tok det med godt humør. Borna fekk medaljar og alle som deltok fekk Fanaråken opp refleksvest.

I 2014 har me 208 medlemmar i idrettslaget. Me vil takke alle medlemmane og dei som stiller frivillig opp i grupper og på arrangement for jobben dei gjer. Tips, idear, ros og ris til korleis me kan drive idrettslaget best mogleg blir motteke med takk. Takk også til sponsorane våre Luster Sparebank, Sportsbui AS, Hydro Energi og Luster kommune. De er viktige for at me skal ha aktivitet i idrettslaget. Saman med mange frivillige har me og flotte sponsorar til Fanaråken opp, takk til alle dei!! Fanaråken opp er blitt eit viktig arrangement for idrettslaget og ein flott folkefest for oss som bur her.



2015 er kalla Friluftslivets år og me håpar flest mogleg kjem seg ut, anten i regi av idrettslaget eller sjølve. Turorienteringa er ei fin måte å komme seg ut i naturen på både for trim og naturopplevingar.

Me ynskjer dykk ei god jul og eit aktivitet nyttår!

Julehelsing

Anders, Evi, Jakob, Anne Marie, Hans Arvid og Mona

